Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 23 - 1996

Oslo 1996

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Gulbrand Alhaug og Botolv Helleland

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 23 – 1996

Redaksjonen er avslutta 25. juni 1996

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Tidsskriftet «Namn og Nemne», Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 21 24 22.

Meldingsbladet «Nytt om namn», Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

Norsk namnelag har bankgiro **8401.21.34427** og postgiro **0804 4215307** (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

NORSK NAMNELAG
Styremøte i Norsk namnelag 4
Landsmøte i Norsk namnelag 4
Lovendring i Norsk namelag 4
Namn og nemne 1995 5
KONFERANSAR, MØTE OG TILTAK
Møte i Samarbeidsnemnda for namnegransking 6
NORNA-nytt 6
Rapport fra NORNA-symposium i København 7
Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking 8
Norsk stadnamnarkiv 75 år 9
Personnamn och social identitet 9
Utanlandske namn i Norden 10
ANNA MELDINGSSTOFF
Skulebarnoppskrifter til rette 12
Namneundertrykking i Bulgaria 13
NORMERING OG BRUK AV NAMN
Skarvheimen eller *Nordfjella*? 14
Namnesaka *Heksebergdsen* 15
Er fastsetting av veinavn enkeltvedtak? 16
Stedsnavn forsvinner ved adressetildeling 17
Klagenemnda for stadnamnsaker 18
Sem eller *Semb*? Praktisering av lov om stadnamn 29
SMÅARTIKLAR OM NAMN
Finntopp 37
Namn på Ibsen-figurar på engelsk 38
Kvinnherad hjå Pontoppidan 39
BOKOMTALAR
Slektsnamn 40
Stadnamn i Møre og Romsdal 41
Listamålet III 45
Behövs en ortnamnslag? 46
Namenforschung — internasjonal handbok 48
Bok innsend til redaksjonen 49
Norsk namnebibliografi 1994 — tillegg 49
BIBLIOTEKNYTT
Hva er Nasjonalbiblioteket? 49

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde møte på Blindern 26. januar 1996. Desse møtte: Gunnstein Akselberg (Bergen), Gulbrand Alhaug (Tromsø), Botolv Helleland, Kristoffer Kruken (båe Oslo), Terje Larsen (Hokksund), Anne Svanevik (Oslo). Svanevik var referent.

Resultatet av uravrøystinga over framlegget til lovendring vart referert (sjå nedanfor). Vidare gjorde styret framlegg om endra siste setninga i § 6, pkt. 1, frå "Same skriftstyret kan sitje i 3 valbolkar etter kvarandre" til "Skriftstyra kan attveljast".

For å letta arbeidet med medlemsregister og rekneskap (knytt til Namn og Nemne) vedtok styret å setja av ein årleg sum på kr 5000,- til løn for ekstrahjelp. Styret gjekk inn for å oppmoda tidsskriftredaksjonen om å arbeida for å knyta Namn og Nemne nærare til Nordisk institutt i Bergen, noko som kunne føra til større ressursar i utgjevingsarbeidet.

Anne Svanevik

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag fredag 22. november 1996 kl. 16.30 (etter den 8. nasjonale konferansen i namnegransking) i auditorium 3, Sophus Bugges hus, Blindern.

Sakliste

1. Verksemda i Norsk namnelag 1994-96
2. Tidsskriftet Namn og Nemne
3. Meldingsbladet Nytt om namn
4. Rekneskap
5. Framlegg til lovendring
6. Val av styre og redaksjonsmedlemmer
7. Ymse

LOVENDRING I NORSK NAMNELAG

Etter framlegg frå styret vart det ved uravrøysting gjennom *Nytt om namn* 21 røysta over fylgjande framlegg til ny § 3, pkt. 3 i lovene til laget: "Landsmøte skal haldast *tredjekvart år* eller når styret eller minst 50 lagslemer krev det" (endringa kursivert). Vidare vart det på same måte røysta over å endra § 6, pkt. 1 til "Laget gjev ut eit tidsskrift og eit

meldingsblad. Desse organa har eigne skriftstyrarar/skriftstyre med redaksjonelt ansvar valde for 3 *år* om gongen" (endringa kursivert). Alle som deltok i valet, svara ja, og desse endringane er då vedtekne.

Siste setninga i § 6, pkt. 1 lyder "Same skriftstyret kan sitje i 3 valbolkar etter kvarandre." Det vart ikkje gjort noko framlegg om å endra dette, men med tanke på at landsmøtet skal stå friare i val av skriftstyre har styret på styremøtet 26.1.1996 vedteke å føreslå fylgjande endring av den nemnde setninga: "Skriftstyra *kan attveljast*" (endringsframlegget kursivert).

Etter paragraf 7 i lovene skal styret senda framlegg til lovbrigde ut til uravrøysting mellom medlemmene. Det vert med dette gjort, og styret ber om at medlemmene kryssar av på eitt av røysteframlegga nedanfor og sender melding til Norsk namnelag, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo, innan 15. september 1996.

Kopier (eller skriv av)

Eg er samd i framlegget til lovendring (set kryss)

Eg er usamd i framlegget til lovendring (set kryss)

Namn _____

Adresse _____

NAMN OG NEMNE 12 (1995)

Namn og Nemne 12 (1995) er forlengst sendt ut til medlemmene, også i år ein god del forseinka. Utgjevarane arbeider med å betra dette og tek sikte på å gje ut årgang 13 ved komande årsskifte. Stoff til neste nummer bør sendast inn så snart som råd.

Den utsende årgangen har artiklar av Hermann Pálsson (om namn i Vǫluspá), Maria L. Aljoksjina (om kjønn i særnamn), Eli Ellingsve (om Oluf Ryghs metode), Ane Landøy (om modernisering i personnamnbruken), Ola Stemshaug (om *Vinjar* som førenamn), Staffan Nyström (om leksikon og onomastikon), Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken (om hestenamn), Finn Myrvang (om samisk forklaring av norske stadnamn). Botolv Helleland har meldt ei bok om namn frå Andebu.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte på Blindern 6. mai 1996. På dette møtet konstituerte den nye nemnda seg. Ola Stemshaug, Trondheim, vart vald til ny leiar etter Eyvind Fjeld Halvorsen. Botolv Helleland, Oslo, vart vald til nestleiar. Den noverande nemnda er vald for perioden 1995-97.

Samarbeidsnemnda gjorde vedtak om å be Telenor og Noregs forskingsråd om å gjera greie for den norske deltakinga i det europeiske prosjektet Onomastica, og kva prinsipp som skal gjelda for uttale og skrivemåte av det norske materialet. Vidare tok nemnda opp vedtaket i Norsk språkråd om å tillata *Norge* som sideform i nynorsk. Etter framlegg frå formannen vedtok nemnda med tre mot to røyster å halda på *Noreg* som eineform. Elles vart gangen i evalueringa av stadnamnlova drøft. Nemnda drøfte òg eit brev frå Aud-Kirsti Pedersen om vitskapleg og kommersiell bruk av dataført namnemateriale.

Terje Larsen

NORNA-nytt

Den nordiske samarbeidskomitéen for namneforsking (NORNA) hadde møte 24 april i København, dvs. dagen før symposiet om *Byens navne. Stedsnavne i urbaniserede områder*. Eg nemner her nokre av dei sakene som var oppe:

NORNA-stipend
Den nordiske samarbeidskomitéen for namneforsking (NORNA) lyser ut stipend på SEK 3000 Stipendet skal i utgangspunktet gå til ein yngre namneforskar, og det skal brukas til deltaking på NORNA-symposium eller til forskings- og studiebesøk i eit anna nordisk land. Søkaren skal gjøra greie for korleis han/ho planlegg å bruke stipendbeløpet og gi ein stutt presentasjon av seg sjølv som namneforskar. Søknaden må sendas inn seinast 30 august 1996 til: NORNA-komitéen, Box 135, S-75401 UPPSALA, SVERIGE. I desember blir det kunngjort kven som har fått stipend.

Oversyn over namnelitteratur som er til sals
Frå dansk og norsk side var det utarbeidd oversyn over namnelitteratur som er til sals. Tilsvarande oversyn vil også komma frå dei andre nordiske landa. Det norske oversynet vil ventelig bli publisert i neste nummer av *Nytt om namn*.

Kommande nordiske konferansar, symposium o. l.

- Personnamn og sosial identitet, Sigtuna i Sverige, 19-22 sept. 1996
- Den nordiske namneforskinga. I går, i dag, i morgon. Jubileumssymposium for NORNA (25 år), Uppsala 7-9 feb. 1997
- Utanlandske namn i Norden, Oslo 28-30 mai 1997
- Nordisk namneforskarkongress, Tavastehus i Finland, juni 1998

Det neste møtet i NORNA-komitéen blir haldi 23 november i Oslo (i samband med den nasjonale namnekonferansen).

Gulbrand Alhaug

RAPPORT FRA NORNA-SYMPOSIUM I KØBENHAVN

"Byens navne. Stednavne i urbaniserede områder" var tittelen på det 24. NORNA-symposiet som ble holdt på Københavns Universitet Amager fra 25. til 27. april i år. Ut over tittelen var det ingen særskilte begrensinger i temaet. Det var i alt 40 deltakere fra samtlige nordiske land. Norge var godt representert, med deltakere fra Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo.

De norske foredragsholderne var, i den rekkefølgen de opptrådte: Ola Stemshaug (Trondheim), Ivar Lund (Oslo), Finn Folke Thorp (Oslo) og Gunnstein Akselberg (Bergen). Alle norske bidrag hadde som fellesnevner en interesse for forholdet mellom eldre, lokalt navnestoff og gatenavnene. Bidragene inneholdt videre to hovedretninger: Normering av gatenavn (Akselberg og Stemshaug), og bebyggelseshistorie (Lund og Thorp).

Ola Stemshaug gjorde greie for regelverket for skrivemåten av stedsnavn i Norge, og for lokale myndigheters håndtering av dette i foredraget "Gatenamnpolitikk i Noreg". Spesielt konsentrerte han seg om forholdet mellom talemål og gatenavn, og kom i den sammenhengen inn på situasjonen i de samisk- og finskspråklige områdene.

Ivar Lunds foredrag "Fra gård til gate. Navnekontinuitet i en østnorsk småby" gikk ut på å undersøke gatenavn i Halden i forhold til navnestoff fra før-urban tid. Han påviste forskjeller mellom sentrale og perifere strøk av byen, og at navn på større gårder viser større evne til å overleve lokalitetsendring enn andre navn.

I foredraget "Navn på husmannsplasser og samtidige bosteder i Oslo" tok Finn Folke Thorp for seg husmannsplassnavn i Aker, og la fram tallmateriale for hvor mange av dem som har overlevd i navn på gater, institusjoner og anlegg. Han påpekte blant annet at behovet hos de navngivende myndigheter oftest er avgjørende for hvilke plassnavn som

overlever, samt at spredning av navnet fra den opprinnelige lokaliteten alltid begrenser seg til den gamle hovedgårdens område.

Gunnstein Akselberg presenterte det offentlige navnearbeidet i Voss kommune, med tanke på valg og normering av vei- og gatenavn. Tittelen på foredraget var "Offentleg namngjeving: normering og val av veg- og gatenamn." Han gjorde blant annet greie for ulike normeringsprinsipper, og konkluderte med at navnemyndighetene bør knytte til seg språkfaglig ekspertise.

De fleste av de andre foredragene la også hovedvekten på gatenavn. Unntak fra dette var foredrag om hvordan institusjonsnavn i København kan være produktive også etter at institusjonen er nedlagt (Bent Jørgensen), om husnavn i Helsingfors (Marianne Blomqvist) og om bastionnavn i Danmark på 1600-tallet (Bjørn Westerbeek Dahl). Københavns status som kulturby i 1996 var med på å støtte opp under symposiet. Arrangøren Institut for Navneforskning samt København by skal ha ros for stor gjestfrihet og et prikkfritt gjennomført arrangement.

Ivar Lund

DEN 8. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking vert halden i auditorium 3, Sophus Bugges hus, Universitetet i Oslo, Blindern, fredag 22. november 1996. Emnet for konferansen er *Namnegransking som studie- og undervisningsfag*. Programmet ser slik ut:

Kl. 9.15-10.45
Opning v/ Tom Schmidt, Universitetet i Oslo
Norsk namnegransking i dag — status quo eller fagleg utvikling. Nokre kritiske merknader v/ Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen og Kristin Bakken, Universitetet i Oslo
Namnforskning i granndisciplinernas tjänst v/ Lars Erik Edlund, Universitetet i Umeå
Diskusjon

Kaffipause

Kl. 11.15-11.55
Forskingsfaget v/ Åse Kari Hansen, Høgskolen i Stavanger
Diskusjon

Lunsj

Kl. 13.00-16.00
Didaktiske synspunkt på namnegransking i skolen v/Hildegunn Otnes, Høgskolen i Vestfold
Stedsnavn i undervisningen i videregående skole. Hvor, når og hvordan er emnet aktuelt? v/ Erik Vintermyr, Risør videregående skole
Diskusjon
Namnegransking og ålmenta v/ Peter Hallaråker, Høgskulen i Volda
Diskusjon
Norsk namnegransking sett frå nordiskfaget v/ Lars Vikør, Universitetet i Oslo
Diskusjon
Oppsummering v/ Eli Ellingsve, Universitetet i Bergen

Påmelding til Avdeling for namnegransking innan 20. oktober 1996. Konferanseavgift kr 200,- (kan betalast ved frammøte). Medrekna i avgifta er kaffi/te og kringle under konferansen og konferanserapporten (som kjem seinare).

NORSK STADNAMNARKIV 75 ÅR

Norsk stadnamnarkiv vart skipa den 1. juli 1921 ved at Statens forskningsfond den dagen ytte den fyrste løyvinga. I år er det såleis 75 år sidan namnegranskinga vart institusjonalisert. Avdeling for namnegransking, som institusjonen no heiter, markerer denne hendinga med den 8. nasjonale konferansen i namnegransking (sjå ovanfor) 22. november. Det er òg planlagt ei utstilling i samband med jubileet. Årsmeldinga som kjem ut i år, er laga som eit jubileumsskrift (kan tingast gjennom Avdeling for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo). Skriftet er på 235 sider og inneheld artiklar av ei rekkje norske og nordiske namnegranskarar. Ein av artiklane tek særleg for seg historikken til arkivet. Boka kjem i sommar og vil verta nærare omtala i neste nummer av Nytt om namn.

PERSONNAMN OCH SOCIAL IDENTITET
19-22 september 1996

19-22 september i år anordnas i Sigtuna ett symposium över temat Personnamn och social identitet. Symposiet, som anordnas av Kultur-

antropologiska institutionen och Seminariet för nordisk namnforskning, Uppsala universitet, samt Ortnamnsarkivet i Uppsala och finansieras av Vitterhetsakademien med medel från Stiftelsen Bokförlaget Natur och Kultur, är avsett att låta forskare från de nordiska länderna diskutera hur namnskick i olika kulturer och skilda historiska skeden är uttrykk för varierande aspekter av personens sociala identitet. Avsikten är att åstadkomma en dialog mellan namnforskare och andra språkforskare å ena sidan och kulturantropologer och socialantropologer å andra sidan. Ett antal forskare från dels det språkvetenskapliga, dels det antropologiska området är inbjudna att hålla föredrag vid symposiet. Dessutom är ett antal opponenter som representerar dessa båda områden inbjudna att inleda diskussionen efter föredragen.

Symposiet är indelat i fyra block: 1. Namn och social kategori, 2. Kollektiv och individuell identitet, 3. Ande—individ—namn, och 4. Namn och samhälle.

Eva Brylla
Uppsala

UTANLANDSKE NAMN I NORDEN
28.-30. mai 1997

Den nordiske divisjonen av FNs ekspertgruppe for geografiske namn (UNGEGN) vil i samarbeid med Nordisk språksekretariat og Nordisk samarbeidskomité for namneforsking (NORNA) skipa til ein konferanse om utanlandske namn i Norden 28.-30. mai 1997. Konferansen skal haldast på Pan kurssenter på Kringsjå i Oslo og tek til kl. 14 onsdag 28. mai og vert avslutta om ettermiddagen fredag 30. mai.

Konferansen tek sikte på å diskutera bruken av utanlandske namn, særleg stadnamn, i offentleg og privat bruk, i notida og i fortida. Eit sentralt tema er korleis utanlandske stadnamn vert skrivne eller bør skrivast når dei vert nytta i eit nordisk land. FN har sidan 1967 halde konferansar om internasjonal standardisering av stadnamn og vedteke fleire resolusjonar om prinsippa for bruken av stadnamn internasjonalt. Ei sentral oppfatning i FN er at utanlandske geografiske namn (stadnamn) så langt råd er bør skrivast i samsvar med den offisielle skrivemåten i det landet der namnet finst (altså som endonym), eventuelt overført til mottakarlandet sitt alfabet dersom det nyttar eit anna alfabet. Praksis i dei fleste landa er likevel at ein god del utanlandske namn vert skrivne ut frå landet sine eigne språkkonvensjonar (dvs. som eksonym). I FN-samanheng vert eksonym definert slik:

> An exonym is a conventional or traditional name given by a linguistic community to a geographic feature or item in a region in which the respective language has no legal or official status. Examples are Copenhagen (an English exonym for København), Londres (French for London) og Hermannstadt (German for Sibiu, Romania).

Det er ulike meiningar om kor langt ein skal gjennomføra endonym-prinsippet, òg mellom dei som driv aktiv språknormering. Dei nordiske landa nyttar færre eksonym enn t.d. engelsktalande land, men det er god grunn til å ta spørsmålet om skrivemåten av utanlandske namn opp på breitt fagleg grunnlag. Emnet har både namnevitskaplege, historiske og praktisk/pedagogiske sider. Aktuelle problemstillingar er:

- førekomst av eksonym i dei nordiske språka, likskapar og ulikskapar, historisk bakgrunn, endringar over tid,
- godkjenningspraksis og bruk av utanlandske stadnamn i dei nordiske landa,
- rettskrivingslister for utanlandske namn,
- stadnamn i grenseland, særleg mellom dei nordiske landa,
- stadnamn utanskjers og i polarområda,
- stadnamn og kulturkontakt (sett frå mottakarspråket),
- utanlandske namn på nordiske kart, utanlandske stadnamn i eldre og nyare geografiske framstillingar og lærebøker,
- utanlandske namn i media,
- translitterasjonssystem for namn på ikkje-latinske alfabet,
- bruk av artikkel ved overføring av stadnamn,
- stadnamn og personnamn som litterære verkemiddel i omsett litteratur,
- historiske namn

Foredraga skal normalt ha ei lengd på 20 minutt. Etter kvart foredrag er det sett av 10 minutt til spørsmål og diskusjon.
Målgrupper er namneforskarar og språkforskarar generelt, personar som arbeider med språknormering, personar som er knytte til media, forlag, kartverk, turisme og transport o.a.

Deltakaravgifta er kr 200,-. Påmelding til Nordisk språksekretariat, Postboks 8107 Dep, N-0032 Oslo, faks (++47) 22427676.

SKULEBARNOPPSKRIFTER TIL RETTE

I vår fekk Stadnamnarkivet ved Nordisk institutt i Bergen telefon frå ein mann som lurte på om me kunne vere interesserte i nokre gamle stadnamnoppskrifter som han hadde liggjande. Oppskriftene låg att etter faren, som hadde vore lærar på Voss. Sjølvsagt var me interesserte! Dagen etter mottok me ein konvolutt med 36 pent utfylte stadnamnskjema. Dette var såkalla Indrebø-lister, og det betyr at listene var frå skulebarninnsamlinga i 1930- og 1940-åra.

Som kjent sette professor Gustav Indrebø ved det som då var Folkeminnesamlingi ved Bergens Museum i 1931, i gang ei storstilt innsamling av stadnamn ved hjelp av skulebarn i 6. og 7. klasse. I samarbeid med skuledirektørane vart det sendt ut trykte innsamlingsskjema til skulestyra, som igjen sende skjema vidare til dei enkelte lærarane i folkeskulane. Innsamlingsarbeidet resulterte i ei mengd oppskrifter, som no er arkiverte ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Heile 12 fylke er representerte i denne såkalla Skulebarnsamlinga.

Etter nokre år prøvde ein å få med dei områda og dei gardane som ikkje hadde sendt lister i første omgangen. Dei einskilde skulestyra fekk då lister over gardane som ikkje hadde vorte med i den første innsamlinga. Dei listene som me no har fått inn, er nok frå ein slik etterrakster. På nokre av dei prenta listene står talet 12-39, som me tolkar som desember 1939. Truleg er listene derfor frå ei innsamling i 1940. 56 år etter innsamlinga kom oppskriftene omsider fram til arkivet! Det er ein liten sensasjon at eit materiale som har vore på avvegar så lenge, har vorte bevart i alle desse åra, og no omsider kome til rette igjen. Eksemplet viser også at ein må operere med eit langt tidsperspektiv på innsamlingsarbeidet.

Som tilfellet gjerne er ved slike innsamlingsaksjonar, så var det slett ikkje alle dei utsende skjemaa som kom tilbake til Folkeminnesamlingi. Det var sjølvsagt ei friviljug sak om ein ville vere med på innsamlinga, og i mange skulekrinsar var det ikkje skrive opp nokon namn. Det hende også meir enn ein stad at svararka vart fylde ut, men vart liggjande hos den einskilde læraren eller i den kommunale skuleadministrasjonen. Gjennom åra har Nordisk institutt motteke ein del slike utfylte svarskjema, men det er likevel oppsiktsvekkande at me får inn så pass mange skjema så mange år etter innsamlinga, som det me no fekk frå Voss. Me må også rekne med at vona om å få inn meir materiale på denne måten minkar for kvart år.

Ein annan stad der skulebarna skreiv opp stadnamn, men der oppskriftene kom på avvegar, er Vågå kommune. For ei stund sidan var det ei kvinne som ringde til Stadnamnarkivet i Bergen og etterlyste skulebarnoppskrifter frå Vågå. Søstera hennar var med på innsamlinga i

30-åra, men me har ikkje fått inn oppskrifter korkje frå Vågå eller andre kommunar i Gudbrandsdalen. Kan det tenkjast at desse oppskriftene framleis finst ein stad der ute?

Jarle Halveg
Bergen

NAMNEUNDERTRYKKING I BULGARIA

Pomakkane, ein muslimsk minoritet på ca. 250 000 personar i Bulgaria, har i dette hundreåret vori utsette for mykje namneundertrykking. Denne undertrykkinga har gått i bølgjer på 1900-talet, men noko av det sterkaste trykket opplevde pomakkane på 1980-talet da mange av dei fann det best å utvandre til Tyrkia. Frå juni til juli i 1989 var det såleis så mange som 300 000 pomakkar, tyrkarar og sigøynarar som emigrerte til Tyrkia, og den viktigaste årsaka var at dei motsette seg tvangs-bulgarisering, dvs. å ta bulgarske fornamn og etternamn.

Her kunne ein altså registrere kor sterke kjensler som er knytte til namnet. Etter at Bulgaria — som dei andre austeuropeiske landa — fekk reformer i liberal retning på seinhausten 1989, kom mange av "emigrantane" tilbake frå Tyrkia. Julian Konstantinov, dosent ved Universitetet i Sofia, var interessert i å undersøke korleis pomakkane ville stille seg til dei meir liberale namnelovane som vart vedtekne tidleg i 1990. Ville dei alle som ein styrte i veg for å få registrert sine opphavlege muslimske namn i passet, førarkortet osv. — eller ville dei sjå tida litt an? Mange, særleg dei eldre, var jo skeptiske etter tilbakeslaga i namnevegen tidlegare på 1900-talet, og dei var usikre på kor lenge den liberale bølgja ville vara. Julian Konstantinov tok kontakt med vesteuropeiske namneforskarar og sosialantropologar og gjennomførte den fyrste feltundersøkinga sommaren 1990. Den internasjonale deltakinga voks frå år til år — med ein topp i 1992. Det kom deltakarar frå bl.a. USA, Storbritannia, Tyskland og Tyrkia. Frå Danmark var sosialantropologen Tue Magnussen med, og frå Noreg namneforskarane Aud-Kirsti Pedersen, Elin Karikoski og Gulbrand Alhaug.

Som ein kuriositet kan det nemnast at alle deltakarane (unntatt leiaren Julian Konstantinov) vart svært så kleine sommaren 1991, og grunnen var nok forureina drikkevatn. Feltundersøkinga oppe i det bulgarske høglandet måtte dermed liggje nede i 4-5 dagar mens deltakarane hadde nok med å stavre seg opp frå feltsenga og komme seg ut i skogen for å kaste opp etc. Resultata frå dei tre feltundersøkingane (1990, 1991 og 1992) ligg nå føre i bokform: *Names, Ethnicity, and Politics. Islamic Names in Bulgaria 1912-1992*

(Novus, Oslo 1995). Boka er skriven av Julian Konstantinov og Gulbrand Alhaug.

Gulbrand Alhaug

SKARVHEIMEN ELLER *NORDFJELLA?*

Den Norske Turistforening har teke initiativ til å få namnsett fjellområdet mellom Hardangervidda og Filefjell. Her finst fleire lokale namn, men ikkje noko tradisjonelt namn for heile området. Eit namn som lokale brukarar av dette fjellet meiner er dekkjande, er *Nordfjella*, men det er òg nokså nytt, laga for å skilja eit villreinområde frå Hardangervidda. Tidlegare vart *Hardangervidda Nord* nytta om dette beiteområdet.

Etter ein namnekonkurranse gjennom NRK og elles etter å ha konferert med namnekunnige filologar valde Turistforeningen *Skarvheimen*. Det var då tenkt som ein parallell til andre innarbeidde "turistnamn" som *Jotunheimen* og *Trollheimen*, samstundes som føreleddet hadde tilknyting til lokale namn som *Hallingskarvet / Skarvet* og *Reineskarvet*. I eit innlegg i avisa "Hallingdølen" (juni 1996) nemner Magne Myhren at lokalhistorikarar som Lars Reinton og Helge Fonnum ikkje nyttar namnet *Nordfjella*. Hemsedølen Kjell Venås har heller ikkje høyrt namnet. Myhren meiner likevel at *Nordfjellet / Nordfjelli* høver som namn på området nord og vest for Hol, Ål og Hemsedal, men at *Skarvheimen* eller *Skarvfjellet / Skarvfjelli* bør kunna nyttast for heile det nemnde området.

Etter at Turistforeningen tok til å bruka det nye namnet, reagerte kommunane som området høyrer til og klaga over at dei ikkje vart rådspurde. Særleg har Nordfjella Villreinutval kome med sterk kritikk av det dei meiner er eit marknadsutspel av "nikkersadelen". Dei meiner at namnet *Nordfjella* bør nyttast om området.

Denne saka aktualiserer spørsmålet om kven som har rett til å innføra nye namn på område med ei viss allmenn interesse. Lov om stadnamn gjeld berre skrivemåten av namn og bruken av fastsette skriftformer. Tradisjonelt har namn vakse fram "av seg sjølv" og så etter kvart fått ein offisiell status gjennom kart og i andre offentlege dokument. Oftare og oftare førekjem det at det er trong for nye namn. Offentlege etatar har ein fastare prosedyre for namnsetjing av eigne område og anlegg, t.d. naturparkar. Den Norske Turistforening set naturleg nok namn på sine hytter, men mange meiner at dei ikkje har nokon slik rett når det gjeld eit fjellområde. På den andre sida må dei kunna ha eit ord med i laget når det trengst eit nytt namn for område der dei har interesser. Statens kartverk fastset skrivemåten av dei fleste namna og avgjer òg om kva namn som

skal nyttast på eit offentleg kart. Såleis har Kartverket ein viss innverknad på om eit namn kan verta innarbeidd eller ikkje. Men det bør framleis vera slik at ein byggjer på nedervd namnetradisjon, og då skal lokale synspunkt telja sterkt.

BH

NAMNESAKA *HEKSEBERGÅSEN*

I *Nytt om namn* 20 (1994, s. 20) nemner Botolv Helleland ei namnesak frå Sørum kommune, Akershus, som hadde hamna på bordet til sivilombodsmannen. Saka galdt namngjevinga av eit bustadfelt, og kommunen hadde etter ynske frå dei som bur der, vald *Heksebergåsen* (ikkje *Heksebergfjellet*, som det står i *Nytt om namn*). Bustadfeltet ligg i området som er kalla *Heksebergfjellet*, som igjen har namn etter garden Hekseberg. Området er elles òg kalla *Vardåsen*. Eigarane av *garden* Hekseberg protesterte, fyrst og fremst fordi bustadfeltet ligg fleire kilometer frå garden, men også fordi namnet *Heksebergåsen* i daglegtalen lett kan bli korta til *Hekseberg*, og mistyding kan oppstå.

Sivilombodsmannen har no uttalt seg, og han gjev kommunen medhald. I fråsegna si seier han m.a. at lovgjevinga er grunnlaget for kompetansen kommunane har, og at ein skil mellom spesiell og alminneleg kompetanse. Spesiell kompetanse er mynde og ansvar som kommunen har fått i særlovgjevinga, medan alminneleg kompetanse er det avgjerdsmyndet som kommunen har fått ved kommunelova. Han seier vidare at det er vanleg å seia at den kommunale kompetansen er "negativt avgrensa". Kommunen kan ta seg av og stella med det kommunen finn føremålstenleg, så lenge dette ikkje strir mot lov eller lovfesta prinsipp. Når det gjeld namngjeving av bustadfelt, er ikkje dette heimla i nokor særlov, men sivilombodsmannen meiner at det i dette tilfellet synest å vera eit klart behov for at bustadfeltet blir namngjeve, og at "dette behovet kan sies å springe ut av den felles interesse for det lokalsamfunnet, som kommunen representerer. Ut fra dette vil navngiving av områder for offentlig bruk måtte anses som en kommunal oppgave." Han legg til at namnevalet ikkje har følgjer for korkje dei einskilde bebuarane eller eigedomane deira, eller rettsstillinga deira.

Med omsyn til sjølve *namnevalet*, uttalar sivilombodsmannen at det i siste omgang er ei skjønsvurdering. Realiteten i ei skjønsvurdering kan berre kritiserast når det er gjort alvorlege feil ved skjønsutøvinga eller dersom avgjerda er "klart urimelig". Nokon slik karakteristikk har ikkje

sivilombodsmannen grunnlag for å koma med når det gjeld den avgjerda kommunen har gjort.

Terje Larsen

ER FASTSETTING AV VEINAVN ENKELTVEDTAK?

Den juridiske konsulenten ved kommuneadministrasjonen i Skedsmo har vendt seg til Navnekonsulenttjenesten for Østlandet i forbindelse med fastsetting av navn på en adresseparsell i kommunen. Det dreier seg om et industriområde i Kjeller. Opprinnelig ble *Stubberudsvingen* lansert som forslag. Kulturutvalget, som har fått delegert vedtaksmyndighet i veinavnsaker, gikk inn for *Kjellerholen* i samsvar med den eldre navnebruken på stedet. Det har kommet fram en del misnøye med dette navnet, bl.a. fordi etterleddet *-holen* ('liten haug') ikke skal være forståelig for folk flest. Saka ble tatt opp av Hovedutvalget for kultur, som gikk inn for *Jogstadsvingen*. Jogstad ligger riktignok på motsatt side av motorveien. Kommunen kom i tvil om vedtaket er å se på som enkeltvedtak der enkeltpersoner/etater har klageadgang.

Navnekonsulenttjenesten mener at *valg/fastsettelse av adressenavn* eller andre navn på faste objekt ikke kan oppfattes som enkeltvedtak i lovens forstand. Det er således ikke adgang til å klage på f.eks. navnet *Kjellerholen* når det ellers er fastsatt etter vanlig prosedyre. Heller ikke vedtak om *skrivemåten* av stedsnavn er å se på som enkeltvedtak etter forvaltningsloven. Men § 8 i stedsnavnloven gir visse grupper og enkeltpersoner rett til å klage på vedtak om skrivemåten hvis de mener vedtaket er i strid med regelverket. F.eks. kan lokale organisasjoner med tilknytning til det aktuelle stedsnavnet klage på skrivemåten, og en grunneier kan klage på skrivemåten av bruksnavnet.

I dette tilfellet kunne det være grunnlag for å klage dersom en form som "Kjelderholen" hadde blitt fastsatt (etter reglene er skrivemåten *Kjelder-* ikke tillatt). Hvis kommunen har gjort vedtak om et lite akseptabelt navn som "Skitbakken", ville det f.eks. gå an å klage på skrivemåten med enkel *t*. Det er også adgang til å klage på nummertildelingen i adressen, f.eks. nr. 13.

Fastsetting av vei- og gatenavn er altså en todelt prosess: Først skal det velges et navn som tilfredsstiller reglene for kommunal adressetildeling (delingsloven med forskrifter). Deretter skal skrivemåten fastsettes i samsvar med stedsnavnloven og tilhørende forskrifter.

I praksis foregår valg av navn og fastsetting av skrivemåte som oftest samtidig. Men for at skrivemåten av stedsnavn skal være fastsatt etter

loven, forutsettes det: 1) begrunnet forslag med foreløpig tilråding fra navnekonsulentene, 2) lokal høring, 3) endelig tilråding fra navnekonsulentene, 4) vedtak av det kommunale organet som har vedtaksmyndighet i navnesaker. At mange kommuner fastsetter skrivemåten uten denne formelle saksgangen, er en annen sak. Og fortsatt blir det gjort navnevedtak som er lovstridige.

Den konkrete saka i Skedsmo endte med at Hovedutvalget for kultur omgjorde sitt eget vedtak. *Jogstadveien* ble fastsatt som navn på hele strekningen fra Trondheimsveien til gården Jogstad, mens en sidevei med hovedsaklig industriområde fikk navnet *Kjeller vest*.

Dette siste navnet strider for øvrig mot hovedregelen for skrivemåten av stedsnavn, nemlig at det skal tas utgangspunkt i nedarvet uttale, og at gjeldende rettskrivingsprinsipp skal følges. Den riktige formen her ville være *Vestkjeller*.

Botolv Helleland

STEDSNAVN FORSVINNER VED ADRESSETILDELING

Som det framgår av vedlagte kopi av brev fra to av oss gardbrukere i Nes, protesterer vi på å få tildelt en offisiell adresse som ikke omfatter navna på gardene våre og ber Navnekonsulenttjenesta ta opp saka.

Vi mener det må arbeides for å unngå offisiell adressering over heile landet med adresser som ikke omfatter de gamle gards- og bruksnavna. Det er egentlig bare et fåtall av disse hevdvunne navna som kan tas i bruk som vegnavn. Sjølsagt er det greit med vegnavnskilting, og sjølsagt er det behov for skikkelig skilting også utover i spredtbygde strøk. Men dette må kunne gjøres på en måte som bryter mindre med lange navnetradisjoner enn det det nåværende adresseringssystemet i henhold til delingsloven og GAB-systemet legger opp til.

Vi veit at flere bygder, bondelag og historielag har arbeidet med denne problematikken. Har noen brakt den opp på et mer prinsipielt nivå? Hvilken kulturvern-institusjon kan gripe fatt i dette? Vi håper at navnekonsulenttjenesta og eventuelt Avdeling for navnegransking kan ta opp saka. Det dreier seg om immaterielt kulturvern, som dessverre faller utafor all lovbeskyttelse — bortsett fra det vernet som lov om stedsnavn gir. Men den tar ikke egentlig fatt i sjølve adresseringsproblematikken. Og i adressering ligger en viktig del av bruken av navna.

Jan E. Horgen
Horgen, 2162 Brårud

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som er ferdigbehandla i perioden 24.3.95 — 29.1.96. Det kan nemnast at klagenemnda er nyoppnemnd frå 1.1.96. Ny fast medlem i den neste fireårsbolken er kultursjef Alfhild Skaardal, Nome kommune, medan dei andre medlemmene frå førre perioden held fram.

Nr	Påklaga namneform Kommune Fylke Namneobjekt Vedtaksorgan	Klagar og klagars ønske	Vedtak i nemnda
1	Seterøya Sandøy Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Sæterøy	Seterøya
2	Øyungsgrubba Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Øyungsgrøbba	Øyungsgrøbba
3	Dølabrottet Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Dølabrøttet	Dølabrottet
4	Skoran (2 namn) Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Skørran	Skoran

5	Holda Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hulta	Holda
6	Holddalen Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hultdalen	Holddalen
7	Holddalsvollan Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hultdalsvollan	Holddalsvollan
8	Holdsjøen Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hultsjøen	Holdsjøen
9	Holdsjøhøgda Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hultsjøhøgda	Holdsjøhøgda
10	Holdsjøskarven Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hultsjøskarven	Holdsjøskarven
11	Ysterholda Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Ysterhulta	Ysterholda

12	Kjerringvollen Holtålen Sør-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Kjerrengvollen	Kjerringvollen
13	Botnen Holtålen Sør-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	grunneigarane: Botten	Botnen
14	Litl- Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn (22 namn) Statens kartverk	kommunen: Litj-	Litj-
15	Kjørkhus Holtålen Sør-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	grunneigar og kommunen: Kirkhus	Kirkhus
16	Killingdalskjørkja Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Killingdals-kjerka	Killingdals-kjerka
17	Tverråa Holtålen Sør-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	grunneigar: Tverrå	Tverråa
18	Brenntelet Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Brenntælet	Brenntelet

19	Storovlingen Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Storøvlingen	Storøvlingen
20	Ovlingsåa Holtålen Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	kommunen: Øvlingsåa	Øvlingsåa
21	Røyrskjæret Brønnøy Nordland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Rørskjæret	Rørskjæret
22	Åbolskjæret Brønnøy Nordland naturnamn Statens kartverk	kommunen: Åboskjæret	Åboskjæret
23	Manndauden Brønnøy Nordland naturnamn og namn på fyrlykt Statens kartverk for naturnamnet Kystdirektoratet for namnet på fyrlykta	kommunen: Manndauen	Manndauden i begge funksjonane

24	Marøya Sandøy Møre og Romsdal naturnamn, bruksnamn, namn på fyrlykt Statens kartverk for naturnamnet og bruksnamnet Kystdirektoratet for namnet på fyrlykta	kommunen: Marøy	Marøya i alle funksjonane
25	Finnøya Sandøy Møre og Romsdal naturnamn, bruksnamn og namn på ferjestad Statens kartverk for naturnamnet og bruksnamnet Møre og Romsdal fylkesbåtar for namnet på ferjestaden	kommunen: Finnøy	Finnøya i alle funksjonane
26	Sandøya Sandøy Møre og Romsdal naturnamn og bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Sandøy	Sandøya i begge funksjonane

27	Morsundet/Morsund Sandøy Møre og Romsdal bruksnamn, grendenamn og namn på bustadfelt Statens kartverk for bruksnamnet Sandøy kommune for grendenamnet og namnet på bustadfeltet	kommunen: Morsund Statens kartverk Møre og Romsdal: Morsundet	Morsund i alle funksjonane
28	Uksnøya Sandøy Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Uksnøy	Uksnøya
29	Sandvika Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Sandvik	Sandvika
30	Rakvågen Midsund Møre og Romsdal naturnamn, bruksnamn og grendenamn Statens kartverk for naturnamnet og bruksnamnet Midsund kommune for grendenamnet	kommunen: Rakvåg Statens kartverk Møre og Romsdal: Rakvågen	Rakvågen som naturnamn Rakvåg som bruksnamn og grendenamn

31	Uglvika Midsund Møre og Romsdal naturnamn, bruksnamn og grendenamn Statens kartverk for naturnamnet og bruksnamnet Midsund kommune for grendenamnet	kommunen: Ugelvik	Uglvika som naturnamn Uglvik som bruksnamn og grendenamn
32	Bjørnarem Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	grunneigarane og kommunen: Bjørnerem	Bjørnarem
33	Bjørnaremsbukta Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Bjørneremsbukta	Bjørnarems- bukta
34	Selvika Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Selvik	Selvik
35	Ramsvika Midsund Møre og Romsdal bruksnamn og grendenamn Statens kartverk for bruksnamnet Midsund kommune for grendenamnet	kommunen: Ramsvik Statens kartverk Møre og Romsdal: Ramsvika	Ramsvik både som bruksnamn og grendenamn

36	Heimstevika Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Hemstevika	Heimstevika
37	Leirvika Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Lervik	Leirvika
38	Leirvikholmen Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Lervikholmen	Leirvikholmen
39	Bløfeta Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Bløfeten	Bløfeta
40	Stormyra Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Stormyr	Stormyra
41	Søre Hellaren Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Sør Hellaren	Søre Hellaren
42	Nørdre Hellaren Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Nord Hellaren	Nørdre Hellaren

43	Stuttneset Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Støttneset	Stuttneset
44	Innerneset Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Ingerneset	Innerneset
45	Prekestolhaugen Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Preikestolhaugen	Prekestolhaugen
46	-an (fleirtal bunden form hankjønn) Midsund Møre og Romsdal naturnamn (9 namn) Statens kartverk	kommunen: -ane	-ane
47	Vågan Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Vågane	Vågane
48	Teigan Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Teigane	Teigane
49	Myran Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Myrane	Myrane

50	Jørholman Midsund Møre og Romsdal naturnamn Statens kartverk	kommunen: Gjørholmane	Jørholmane
51	Bakkan Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Bakkane	Bakkane
52	Veltan Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Veltane	Veltane
53	Vollan Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Vollane	Vollane
54	Lægda Midsund Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Legda	Lægda
55	Bjørndalen Steinkjer Nord-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Sparbu historielag: Bjønndalen	Bjørndalen
56	Bjørnabettet Steinkjer Nord-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Sparbu historielag: Bjønnabettet	Bjørnabettet

57	Karsvika Herøy Nordland bruksnamn Statens kartverk	grunneigar: Karsvik	Karsvika
58	Ljøsøya Averøy Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	grunneigar: Lysø	Ljøsøya
59	Hell tunnel Malvik Sør-Trøndelag Stjørdal Nord-Trøndelag Statens vegvesen	Trønderlaget: Helltunnelen	Helltunnelen
60	Skordalen Holtålen Sør-Trøndelag bruksnamn og grendenamn Statens kartverk for bruksnamnet Holtålen kommune for grendenamnet	kommunen: Skårdalen Statens kartverk Sør-Trøndelag: Skordalen	Skordalen både som bruksnamn og grendenamn
61	Skordalsvollan Holtålen Sør-Trøndelag seternamn Statens kartverk	kommunen: Skårdalsvollan	Skordalsvollan
62	Melsteinen Bindal Nordland bruksnamn Statens kartverk	kommunen: Melstein	Melsteinen

Terje Larsen

SEM ELLER *SEMB*? PRAKTISERING AV LOV OM STADNAMN[1)]

Skal ein skrive *Sem* eller *Semb*, *Golå* eller *Gålå*, *Høyfot*, *Høyføt*, *Høyføtt* eller *Høifødt*? Lov om stadnamn i praksis.

Stadnamn, og særlig *skrivemåten* av stadnamn, er eit emne som mange har ei meining om. Ikkje sjeldan har avisene mishagsytringar om "feilskrivne" namn, der namnekonsulentar, kartverk, vegvesen og andre offentlige instansar blir levna lita ære. Ein del av kritikken er sjølsagt berettiga, men mye av det som blir skrivi, vitnar om liten kjennskap til det regelverket som faktisk eksisterer når det gjeld å normere stadnamn.

Så vidt eg kjenner til, er Noreg det einaste landet i Europa som har ei *lov* som inneheld reglar for både *skrivemåten* av stadnamn og *saksbehandlinga* ved fastsetting av skrivemåten i offentlig bruk. Lov 18.mai 1990 nr. 11 om stadnamn tok til å gjelde 1.juli 1991, og døma i overskrifta viser tre av fleire tusen namnesaker som er behandla i samsvar med det nye regelverket. Lova markerer ein foreløpig slutt på ei lang historie, og før eg går nærare inn på desse tre sakene og røper kva som blei det endelige resultatet, skal eg først ta for meg forhistoria, og deretter gjere greie for hovudpunkta i lova.

Historikk

Frå mellomalderen og fram til 1800-talet blei stadnamna skrivne på ulike måtar. Fram til reformasjonen heldt namna i stor grad på det norskspråklige grunnlaget, men i hundreåra etterpå blei dei skrivne i samsvar med dansk skriveskikk og med ein inkonsekvent ortografi. Først i samband med matrikkelrevisjonen i 1838 blei det vedtatt å gå gjennom namneverket med tanke på skrivemåten, og resultatet var at skrivemåten av mange namn blei fornorska. Da matrikkelen skulle revideras på ny noen tiår seinare, oppnemnde regjeringa ein kommisjon som fekk som mandat å rette opp namneformene der det var nødvendig. Med i denne namnekommisjonen av 1878 var Oluf Rygh, Sophus Bugge og Johan Fritzner. Det er arbeidet til denne kommisjonen som er grunnlaget for standardverket *Norske Gaardnavne* og den moderne norske stadnamngranskinga.

Alle desse namnerevisjonane gjaldt gards- og bruksnamn som var skriftfesta i matrikkelen. Etter kvart blei det òg nødvendig for det offentlige å skriftfeste både desse namna og andre namnegrupper på kart. Etter eit framlegg frå professorane Marius Hægstad og Hjalmar Falk blei det derfor i 1913 gjort vedtak om retningsliner for skrivemåten av namn

på kart. Hovudprinsippa her var at ein skulle følgje rettskrivinga i landsmålet, og at "**den stedlige uttale** [utheva i originalen] mest mulig bør søges gjengit." Unntak var sivile og geistlige inndelingsnamn, "som skrives med den til enhver tid gjældende officielle form." Desse prinsippa har lege til grunn for seinare reglar for skrivemåten av stadnamn fram til 1990-lova, sist i *Føresegner om skrivemåten av stadnamn*, Kronprinsregentens resolusjon av 31. mai 1957.

I 1964 blei den såkalla Vogtkomiteen oppnemnd. Oppgåva til komiteen var å drøfte ulike språkspørsmål i landet, og i innstillinga si tok komiteen også opp skrivemåten av gardsnamn og andre stadnamn. Eit mindretal i komiteen gjekk inn for ei lov om skrivemåten av stadnamn. Det blei i denne samanhengen vist til ein høgsterettsdom frå 1961, der staten blei fråkjend retten til å bruke dei namneformene som kom inn i den reviderte nye matrikkelen i 1880-åra i offentlige publikasjonar som på kart, i telefonkatalogar o.l. mot eigarens vilje. Daverande høgsterettsjustitiarius gjekk i ei særfråsegn ikkje imot at staten burde ha ein slik rett, men han etterlyste klare reglar, fastsette ved lov eller med heimel i lov. I Stortingsmelding nr.15 1968-69 gjorde departementet så framlegg om å greie ut spørsmålet om ei stadnamnlov, men ikkje før i 1979 blei det sett ned eit utval som skulle komme med ei innstilling om saka. Da hadde Norsk språkråd i mellomtida uttalt at norske stadnamn "er kulturminne på line med materielle fornminne, og dei bør vernast med ei namnelov." Stadnamnutvalet la fram innstillinga si i oktober 1982. Ho er publisert i *NOU 1983:6. Stadnamn*, men det tok altså enda sju år før Stortinget vedtok ei lov i 1990.

Lov om stadnamn

Lov om stadnamn regulerer skrivemåten av dei stadnamna som er eller blir tatt i skriftlig bruk i tenesta av kommunale, fylkeskommunale og statlige organ, og ho gir reglar for

- skrivemåten av stadnamna,
- kven som har vedtaksrett i ulike namnesaker,
- kven som har plikt til å bruke dei vedtatte skrivemåtane,
- kven som har rett til å reise namnesaker,
- korleis saksbehandlinga skal vere når offisiell skrivemåte skal fastsettas,
- kven som har klagerett når eit namnevedtak er gjort.

Lova seier vidare at det skal opprettas eit sentralt stadnamnregister, dit alle skriftformer som er endelig vedtatte skal meldas. Dette registeret er lagt til Statens kartverk på Hønefoss. Lova gjeld òg samiske og finske namn i Noreg.

Stadnamna som kulturminne er ikkje nemnt i sjølve lovteksten, og lova inneheld ikkje noko om vern av stadnamn, slik Norsk språkråd hadde tatt til orde for. Unntaket er reglar som skal sikre at samiske og finske namn som er brukte av folk på staden, også blir nytta på kart og skilt. Å verne stadnamna som kulturminne er likevel eit viktig punkt i forarbeidet til lova. I Ot.prp. nr. 66 for 1988-89 Lov om stadnamn seier departementet på s. 6: "Stadnamna bør vernast som kulturminne, slik at dei ikkje blir borte eller forvanska, men samstundes må vi få eit namneverk som kan vareta dei viktigaste praktiske formåla stadnamna skal tene. Framlegget til lov om stadnamn legg vekt på begge desse områda." På s. 9 i proposisjonen blir det vist til Innst. S. nr. 189 for 1969-70 om språksaka, der Kyrkje- og undervisningsnemnda på s. 285 seier at "det må være berettiget at det offentlige søker å bevare det preg av kulturtradisjon og historie som ligger i navnebruken".

Hovudprinsipp i lova

Ein kan tenke seg ulike prinsipp som grunnlag for normering av stadnamn. Eit prinsipp er at skrivemåten av stadnamn bør følgje dei same *rettskrivingsreglane* som andre ord i språket. Eit anna syn er å legge hovudvekta på *skrifttradisjonen* og halde seg til den mest brukte skrivemåten av eit stadnamn. *Etymologi* er eit tredje prinsipp, og det betyr at skrivemåten mest mulig bør vere i samsvar med det historiske opphavet til namnet. Ein fjerde synsmåte er at skrivemåten så langt råd er bør gjengi *dialektuttalen*.

Normeringsarbeidet i offentlig samanheng har frå starten vore ei avveging mellom desse prinsippa. Hovudregelen i lov om stadnamn er såleis at skriftformene skal fastsettas med utgangspunkt i den nedarva lokale uttalen og skrivas i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp når det er tale om språkelement som er normerte i moderne norsk. Så langt det er rimelig skal dette òg gjelde for namn med utdødde eller uklare språkelement. For allment kjende ord skal ein velje den hovud- eller sideforma i gjeldande rettskriving som høver best med uttalen på staden. Nynorsk og bokmål er sidestilte, og dette er ein viktig skilnad i høve til tidligare regelverk, som hadde nynorsk som hovudnorm. I visse tilfelle bør stadnamna kunne avspegle regionale eller lokale målføreformer, når særlige grunnar taler for det. Ein bør likevel halde seg til visse hovudtypar i lyd- og formverk, og legge større vekt på regionale enn lokale målføremerke, og i avveginga mellom ulike omsyn skal ein legge vekt på nasjonal einskap i namneverket og tidligare normeringspraksis så langt det lar seg sameine med lova.

Ei slik kompromisslinje løyser sjølsagt ikkje alle problem, og eg skal kort ta for meg eit par av konfliktområda: *forholdet mellom rettskrivingsformer* (riksformer) på den eine sida og *regionale former* og *målføreformer* på den andre, og skrivemåten av *bruksnamn*.

Rettskrivingsformer eller regionale former/målføreformer?
Departementet seier det slik i odelstingsproposisjonen s. 9: "Stadnamna er også ein del av språkarven, dei går inn i dialektane og følgjer til vanleg den språkutviklinga vi finn der. Dei er derfor ein sjølvsagd og umissande del av ordtilfanget i lokalmiljøet, og vil hovudsakleg bli uttala i samsvar med talemålet der." Mange hevdar derfor at stadnamna bør skrivas i ei form som viser den lokale tilknytinga. Folk i lokalsamfunnet skal kjenne att namneformene og oppleve dei som sine eigne, og ei sterk normering kan gjere namneformene fremmende for brukarane. Mot dette blir det sagt at namneverket skal vere opplysande og eintydig. Dei normerte namneformene vil gi meir informasjon om lokalitetar og namnetypar enn reine målføreformer vil gi, og dei vil gjere det lettare for folk frå ulike landsdelar å bruke og skjønne namnetilfanget. Reine målføreformer er av størst interesse for språkvitskapen, og dialektformer på kart, skilt o.l., vil vere ufullstendige og til liten nytte for vitskapen.

For å komme begge synsmåtane noe i møte er som nemnt ovafor hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den tradisjonelle dialektuttalen og følgje gjeldande rettskriving og rettskrivings*prinsipp*. Med rettskrivingsprinsipp meiner ein dei allmenne reglane for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givas att i skrift, t.d. når det gjeld markering av kort og lang vokal. Ein treng likevel ikkje følgje rettskrivingane fullt ut, men ein skal halde seg til visse *hovudtypar* i lydverk, formverk og ordtilfang. Dette blir nærare presisert i forskriftene til lova.

Denne konflikten mellom landsgyldige former og lokale former har også komme til syne i spørsmålet om kven som skal ha *avgjerdsretten* i namnesaker, og det var dette spørsmålet som valda departementet størst problem i samband med lovarbeidet. Mange meinte, og meiner sikkert framleis, at sidan stadnamna hører lokalsamfunnet til, må òg avgjerdsretten ligge lokalt. Mot ei desentralisering blei det innvendt at ønsket om eit einskaplig namneverk krev at namneformene i hovudsak blir fastsette sentralt, det vil seie av det offentlige organet som skal bruke stadnamnet i tenesta. Det blei også hevda at ei desentralisert vedtaksordning vil vere tungvint for statlige organ som er storbrukarar av namn, t.d. Statens kartverk.

Departementet landa på ein modifisert sentral modell som i hovudsak går ut på følgjande:

1. Kommunane fastset skrivemåten for namn på kommunale gater, vegar, parkar, bustadfelt o.l., slik dei tidligare har gjort.
2. Fylkeskommunane fastset skrivemåten for namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.
3. Vedkommande statsorgan fastset skrivemåten av namn på statlige administrative område, anlegg o.l.
4. Statens kartverk fastset skrivemåten av stadnamn som ikkje kjem inn under pkt. 1 - 3, eller som blir fastsette i samsvar med andre lover og forskrifter. Dette vil i praksis seie at Kartverket fastset skrivemåten for alle naturnamn og alle nedarva bruksnamn.
5. Kommunane får rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn i kommunen *før* vedtak blir gjort. Det same gjeld eigarar/festarar av bruk som har nedarva stadnamn, og lokale organisasjonar i saker som gjeld namn dei har særlig tilknyting til.
6. Namnekonsulenttenesta er utbygd og desentralisert, slik at det er to oppnemnt to namnekonsulentar for kvart universitetsområde (Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø) og i tillegg konsulentar for nord- og sørsamisk, lulesamisk og for finske namn i Nord-Noreg. Konsulentane har fast tilsette sekretærar med namnefaglig bakgrunn til å førebu tilrådingane. Før skrivemåten blir fastsett, skal vedtaksorganet legge saka fram for namnekonsulentane i sitt område.
7. Det er oppretta ei klagenemnd for stadnamnsaker, og alle vedtak kan påklagas med mindre dei er gjorde av Kongen eller Stortinget. Klagerett har alle som har rett til å ta opp namnesaker, unntatt namnekonsulentane.

Det kan dessutan leggas til at Statens kartverk, som etter lova har vedtaksretten for dei fleste stadnamna, har delegert vedtaksmyndigheita til dei enkelte fylkeskartkontora. Intensjonen var at vedtaksorganet skulle ligge så nær namnebrukarmiljøa som mulig.

Skrivemåten av bruksnamn

Skrivemåten av bruksnamn (gardsnamn) er ofte omstridt, men her er det sjeldan striden dreiar seg om målføreformer eller riksformer. Gjennom lang tids skriftlig bruk har namneformer som avvik både frå dialektuttalen og rettskrivingsreglar festa seg og blir sedde på som dei "rette". I tillegg er dei som oftast også brukte som slektsnamn, og mange set likheitsteikn mellom slektsnamnet og bruksnamnet. Det er forståelig at familiar held fast på og vernar om tradisjonsrike slektsnamn sjøl om dei har ein fremmendslig skrivemåte, og vi bør alltid vere nøye med å skrive slektsnamn korrekt. Her er det likevel viktig å understreke det prinsipielle skillet mellom

slektsnamn og stadnamn. Slektsnamna er regulerte av lov om personnamn av 1964 (med seinare endringar), mens lov om stadnamn regulerer skrivemåten av bruksnamna. Ein familie kan derfor godt nytte *Dahlbach* som skrivemåte for *slektsnamnet*, men som *bruksnamn* skriv vi *Dalbakk(e)*.

Dommen i Høgsterett i 1961 gjaldt nettopp bruksnamn og gjekk som nemnt ut på at det offentlige ikkje hadde heimel til å fastsette skrivemåten av bruksnamn, eller endre eksisterande skrivemåte mot eigarens ønske. Gjennom lov om stadnamn har det offentlige skaffa seg denne heimelen. For bruksnamn som språklig og geografisk er identiske med nedarva stadnamn, skal skrivemåten fastsettas etter reglane i lova. Eigar eller festar skal ha høve til å uttale seg, og det skal leggas vekt på synsmåtane hans når skrivemåten skal fastsettas. Det same gjeld fråsegner frå vedkommande kommune. Når det gjeld namn på nye bruk, bustadhus, hytter o.l., er det eigaren/festaren som fastset skrivemåten.

Saksbehandling

I proposisjonen som ligg til grunn for lova, kjem departementet med ein del merknader til det tidligare regelverket. Det blir m.a. sagt at namnevedtak ofte blir gjorde "over hovudet" på grunneigarar, kommunar og andre som saka vedkjem. Lokalsamfunnet får først kjennskap til sakene etter at dei er avslutta og skriftformene er tatt i bruk på kart, skilt og i telefonkatalogar. For å bøte på dette er det i det nye regelverket lagt inn ein høringsrunde, slik at synspunkt frå dei som står "nærast" namnet og andre som namnet vedkjem, skal komme fram *før* det blir fastsett skrivemåte. Samtidig er det oppretta ei klagenemnd som skal avgjere saker det er oppstått tvist om (jf pkt. 5 og 7 ovafor).

Saksbehandlinga for ei vanleg namnesak kan sjå slik ut:
Statens kartverk, ved eit fylkeskartkontor, skal revidere eit kartblad i ein kommune, og det har komme framlegg om å endre skrivemåten av ein del av namna. Fylkeskartkontoret sender endringsframlegga til namnekonsulentane i sitt område, som går gjennom materialet og sender ei foreløpig tilråding om skrivemåten av namna til kommunen. Kommunen skal sørge for at dei som har høringsrett, t.d. grunneigarar, historielag, språkorganisasjonar og kommunen sjølv, kan komme med merknader og sender dei innkomne fråsegnene tilbake til namnekonsulentane. Namnekonsulentane vurderer namna på nytt, og sender ei endelig tilråding saman med alle fråsegnene til fylkeskartkontoret, som gjer vedtak om skrivemåten av dei namna som ikkje skal fastsettas av andre organ. Dei vedtatte namneformene blir sende til kommunen, som i sin tur kunngjer vedtaka med opplysning om klagefrist. Vedtaka blir òg sende til namnekonsulentane og sjølsagt melde inn til Sentralt stadnamnregister. Dersom

det kjem inn klage, skal saka leggas fram for namnekonsulentane til ny vurdering. På grunnlag av den nye tilrådinga kan fylkeskartkontoret gjere nytt vedtak og komme klagaren i møte, eller halde oppe det tidligare vedtaket. I det siste tilfellet går saka til klagenemnda for stadnamnsaker, som gjer det endelige vedtaket om skrivemåten.

Lova i praksis

Eg skal nå vende tilbake til utgangspunktet. To av sakene det er referert til i overskrifta, er behandla på denne måten. *Høyfot/Høyføt(t)/Høifødt* og *Sem(b)* er bruksnamn i Borre kommune i Vestfold, og sakene kom opp i samband med revisjon av kartblad 1813-1 Horten i serien Norge 1:50 000. I den første saka vedtok Statens kartverk Vestfold *Høifødt* som skrivemåte mot tilrådinga frå namnekonsulentane, som gjekk inn for *Høyføt*, evt *Høyføtt*. Namnekonsulentane tok utgangspunkt i at dialektuttalen er /høyføtt/, og sisteleddet er gammalnorsk *fit* 'frodig grasmark', og at skrivemåten *dt* derfor er uhistorisk. Når det gjaldt skrivemåten av diftongen i førsteleddet, viste dei til gjeldande rettskriving. Kartverket grunngav vedtaket sitt med at *Høifødt* er ein innarbeidd skrivemåte i lokal samanheng, og med at både grunneigar og kommune ønskte denne skriftforma. Ingen har klaga på vedtaket, og offisiell skrivemåte er derfor *Høifødt*.

I den andre saka vedtok Statens kartverk Vestfold i første omgang skrivemåten *Sem* i tråd med tilrådinga frå namnekonsulentane. Både kommunen og grunneigarane ønskte imidlertid *Semb* som skrivemåte og klaga på vedtaket, og dei fekk medhald av Kartverket trass i at namnekonsulentane blei ståande ved *Sem* også i den nye tilrådinga si. Hovudargumentet i grunngivinga deires var at tradisjonell uttale er /sæmm/, og at namnet er samansett av gammalnorsk *sær* 'sjø' og *heimr*. Sjøl om det er ein sterk lokal skrifttradisjon for *Semb*, som for øvrig kom inn rundt 1600 for å markere ein uttale med lang *m*, meiner dei at *Sem* er den skriftforma som best sameinar tradisjonell uttale og historiske og kulturhistoriske omsyn. Kartverket var ikkje ueinig i desse synsmåtane, men la avgjerande vekt på det lokale ønsket. I vedtaket sitt peikte Kartverket dessutan på at denne delen av Vestfold hadde sterk dansk påverknad, "noe vi ikke kan eller bør fornekte."

Den tredje saka, *Gålå/Golå*, gjaldt namnet på ei setergrend i Sør-Fron kommune, Oppland, med kommunen som vedtaksorgan. Begge skrivemåtane har vore nytta av det offentlige, og det var Statens vegvesen Oppland som reiste saka i samband med vegskilting. Kommunen vedtok *Gålå* som skriftform etter tilråding frå namnekonsulentane. Denne grenda er eit populært turistområde, og fleire turistbedrifter klaga på vedtaket.

Innafor denne bransjen har *Gold* vore den vanlige skrivemåten, og argumentet frå klagarane var at ei endring til *Gålå* ville påføre dei store kostnader. Fordi klagarane ikkje fekk medhald i klagen, blei saka lagd fram for klagenemnda for stadnamnsaker. I saker som gjeld norske namn, har denne nemnda fire medlemmer: ein leiar med høgsterettsdommars kompetanse, ein medlem oppnemnt på fritt grunnlag og to språkkunnige (ein frå kvar målform. I saker som gjeld samiske eller finske namn, blir dei to språkkunnige erstatta med ein samisk- eller finskkunnig.) Heller ikkje i klagenemnda fekk klagarane medhald, og offisiell skrivemåte er nå *Gålå*. I vedtaket sitt viste nemnda til tilrådinga frå namnekonsulentane, som tok utgangspunkt i at namnet er eit jamvektsord med tradisjonell uttale /gåLå/. Etter forskriftene til stadnamnlova skal rotvokalen og vokalen i endestavinga i namn som er jamvektsord, som hovudregel skrivas i samsvar med målføret. Når så kommunen sjøl ønskte skriftforma *Gålå*, måtte dette tilleggas avgjerande vekt, enda om nemnda hadde forståing for synsmåtane til klagarane. Det kan leggas til at dette grendenamnet også er namn på eit postkontor, der skrivemåten har vore *Gold*. Hovudregelen er at eit namn som er nytta i fleire funksjonar på same staden, skal ha éin skrivemåte. Nemnda presiserer i vedtaket sitt at det også gjeld postkontornamnet, og Postverket må derfor endre skrivemåten av namnet.

Regelen om at same namnet brukt i ulike funksjonar skal ha éin skrivemåte, er likevel ikkje absolutt. Eg kan i denne samanhengen nemne eit døme som lesarane av Språkleg samling er kjende med: *Majorstua/ Majorstuen*. Denne saka har namnekonsulentane hatt til uttale, og dei konkluderte med å tilrå at staten bør vedta *Majorstua* som statens offisielle skrivemåte, men at regelverket også opnar for at Oslo kommune bruker skrivemåten *Majorstuen*, t.d. i bydelsnamnet.

Talet på klagesaker har blitt mye høgare enn venta, noe som har ført til at nemnda har hatt fleire møte enn det ein hadde tenkt seg på førehand. Nemnda hadde såleis åtte møte i 1993, sju møte i 1994 og seks møte i 1995.

Sluttord

Å normere stadnamn er eit vanskelig og kjenslevart emne, ikkje minst fordi namna mye meir enn vanlige ord har *eigenverdi* som spesielle *symbol* ved at dei er viktige berarar av *miljøidentitet* og av tilknyting til *slektstradisjonar*. I tillegg kjem at mange namn har både ein munnlig og ein skriftlig tradisjon som ikkje alltid lar seg sameine. Lov om stadnamn har ikkje gjort dette normeringsarbeidet lettare. Fleire partar har fått rett til å delta i normeringsprosessen og gjer krav på å bli hørte. Men gjennom denne demokratiseringa blir også lokalsamfunna aktiviserte og engasjerte, og dette engasjementet kan føre til at folk i større grad blir medvitne om den

kulturskatten som ligg i namna. Slik sett kan lov om stadnamn syne seg å bli ein tenlig reiskap i eit viktig kulturvernarbeid.

Litteratur og kjelder

Botolv Helleland: Stadnamnnormering i 150 år. Ein balansegang mellom skrifttradisjon, etymologi, rettskriving og uttale. I: *Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992*. Oslo 1992, s. 95-107.
Noregs offentlege utgreiingar. Stadnamn. Frå eit utval oppnemnt ved kongeleg resolusjon 12. oktober 1979. Lagt fram for kultur- og vitskapsdepartementet 1. mars 1983. Oslo-Bergen-Tromsø 1983.
Ot.prp. nr. 66 (188-89) Lov om stadnamn. Tilråding frå Kultur- og vitskapsdepartementet av 14. april 1989, godkjend i statsråd same dag.
Johs. Aanderaa: Om kultur- og vitskapsdepartementet sitt arbeid med framlegg til nye reglar for skrivemåten av stadnamn. I: *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiing og diskusjon.* Red. av Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Avdeling for namnegransking. Universitetet i Oslo, 1991, s. 7-13.

Terje Larsen

[1] Denne artikkelen har tidlegare stått i *Språklig samling* nr. 3, 1995, og er trykt med løyve frå forfattaren og redaktøren.

FINNTOPP

I den nyss utkomne rapporten frå Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking, *Stadnamn og kulturlandskapet*, nemnde underskrivne så vidt at det finst eit svensksamisk *doppe, toppe* "stove" (J. A. Friis' ordbok) som kan ha ei viss interesse i samband med *Finntopp*-namna kjende frå austnorsk område.

Etter at stykket var redigert ferdig for trykking, kom eg over ei drøfting av spørsmålet i Olavi Korhonens *Samisk-finska båttermer och ortnamnselement och deras slaviska bakgrund* (Umeå 1982). Han seier m.a.: "Det vanliga ordet för ett timrat hus är emellertid i de flesta delar av samiskan *ståppo* [...] ", men konstaterer òg, at i lulesamisk blir "stove, stue" (i nyare tid "hus") derimot kalla *dåppe, tohpe, tohpie*. Han seier vidare om spørsmålet: "Både *ståppo* och *dåppe* har ytterst samma språkliga utgångspunkt, men det senare ordet har nått samiskan via fi(nsk) *tupa*, som i östlig finsk byggnadstradition är beteckningen för husets huvudrum, där man [...] även bakar bröd och lagar mat [...] *Tupa* är ett skandinaviskt eller

germansk lån och av samma ursprung som sv(ensk) *stuga*, no(rsk) *stova* etc [...]"

Dei som måtte interessere seg for Finntopp-namna, kan iallfall merke seg at den omtalte utgreiinga finst, i serien *Skrifter utgivna av Dialekt-, Ortnamns- och folkminnesarkivet i Umeå. Serie A Dialekter nr 3.*

Finn Myrvang
Bø

NAMN PÅ IBSEN-FIGURAR PÅ ENGELSK

Det har vore skrive ein god del om namna på personane i verka til Henrik Ibsen, og det er ei allmenn meining at han ikkje har valt dei tilfeldig. *Eilert Løvborg* (i Hedda Gabler) og *Dr. Rank* (i Et dukkehjem) er namn som forfattaren visseleg har gjeve for å understreka visse eigenskapar ved personane. Kva så når skodespela til Ibsen vert omsette til andre språk, t.d. til engelsk — går lesarane/publikum då glipp av noko av dette namnespesifikke innhaldet?

Dette spørsmålet tek Bruce Maylath, University of Memphis, Tennessee, opp i ein artikkel i det amerikanske tidsskriftet *Names* (vol 44, mars 1996, s. 41-58). Han meiner at om namna er talande for eit skandinavisk publikum, er dei det ikkje for engelsktalande, og dei utgjer det største publikumet for Ibsen-stykka. Spørsmålet er korleis slike namn skal handsamast i eit ikkje-nordisk språk, t.d. om dei bør omsetjast bokstavleg eller metaforisk. Han peikar på at dette er eit generelt omsetjingsproblem som går langt vidare enn å overføra Ibsen til engelsk.

Bruce Maylath peikar på tre mogelege løysingar, avhengig av korleis namnet er brukt, og kor "vanskeleg" det er. Til den fyrste gruppa høyrer kunstige namn som *Straamand*, som kan omsetjast direkte. Også *Falk* og *Svanhild* kan langt på veg fungera i sei omsette formene (*Falcon, Swanhild*) av di dei vil gje visse tilsikta assosiasjoner på mottakarspråket. Skilnaden i høve til engelsk er at dei norske formene er vanlege som namn.

Den andre løysinga er at omsetjaren finn fram til eit anna namn som kan gje same assosiasjon som det forfattaren har valt. Såleis vil *Dr. Goodman* eller kanskje *Dr. Pride* gje same effekt som *Dr. Rank*.

Den tredje løysinga etter Maylath er å la namnet stå som på originalspråket, men leggja inn ei opplysning (kanskje som fotnote i teksten eller i programmet) om at namnet har ein særleg funksjon i stykket. Dette kan gjelda namn som *Løvborg* og *Eyolf*.

Ved å bruka desse løysingane, alt etter kva funksjon ein meiner Ibsen og andre forfattarar har lagt til grunn for namnevala sine, meiner Maylath at ein kan hjelpa til med å formidla intensjonen i verka.

Forfattaren viser til ei rekkje artiklar om omsetjing av namn, men fører ikkje opp Gero Lietz' viktige avhandling *Eigennamen in der norwegischen Gegenwartssprache. Probleme ihrer Wiedergabe im Deutschen am Beispiel belletristischer Texte* (Frankfurt am Main, New York etc. 1992).

BH

KVINNHERAD HJÅ PONTOPPIDAN

Erik Pontoppidans *Norges naturlige historie* (1752-53) er utgjeven på nytt av forlaget Rosenkilde og Bagger, København 1977, og i bind II, s. 358, kan me lesa m.a. dette om Kvinnherad:

> Her i Sundhordlehn ligger et navnkundigt District, nu et Præstegield, kaldet Qveen-Herret (corrupte Qvind-Herred, efter en ugrundet Tradition at alle Mændene der skulde være ihielslagne) og

> conserverer maaskee Ihukommelsen af det Navn, som de ældste Norske, eller dog en Deel af dem, kand have baaret, ligesom deres fordrevne Landsmænd paa Kølens Field endnu kaldes Qveener og deres Sprog det Qveenske. Om NOR, som ellers skal have givet Norge sit Navn, siger den Norske Chronike, at hans Fader Thore var Konge i Gothland, Finland og Qvenland, hvilket sidste synes mig kand holdes for Norge, endskiønt det af de fleeste søges ved Finland, eller for Enden af *Sinu Botnico*.

SLEKTSNAMN I NORDEN

Kristoffer Kruken (red.):*Slektsnamn i Norden. Rapport frå NORNAs tjueførste symposium i Oslo 17.-20. september 1992* (NORNA-rapporter 58). Uppsala 1995. 233 sider.

I 1992 vart det arrangert eit symposium om slektsnamn i Oslo. Foredraga frå dette symposiet vart i fjor publiserte i boka *Slektsnamn i Norden. Rapport frå NORNAs tjueførste symposium i Oslo 17.-20. september 1992* (NORNA-rapporter 58). Boka er redigert av Kristoffer Kruken. Det er til saman 16 artiklar i boka, og dei spenner over eit vidt felt innafor slektsnamngranskinga. Her finn ein bidrag frå alle nordiske land (unntatt Island) og dessutan frå Nederland. Her skal eg avgrense meg til dei artiklane som gjeld Noreg.

Gudlaug Nedrelid byggjer på folketeljingsmateriale (1801-teljinga) i artikkelen *Om slektsnamn av gardsnamn i 1801*. I den grad det fanst slektsnamn på 1700-talet, hadde dei oftast dansk eller tysk bakgrunn. Eit viktig poeng for Nedrelid er å vise at somme slektsnamn på denne tida også kunne ha norsk bakgrunn. Dette gjer ho ved å studere nærmare namn av typen *Lars Erichsen Eyde*, der *Eyde* kan oppfattast på to måtar: Det kan anten vere eit arveleg slektsnamn (t.d. med utgangspunkt i eit norsk gardsnamn) — eller eit heilt individuelt namn av adressekarakter. Nedrelid har prøvd å finne ut når ein byrja å ta i bruk norske gardsnamn som slektsnamn, og ho held det for sannsynleg at denne skikken oppstod på fyrste halvpart av 1700-talet. Også Astrid Weel Sannrud byggjer på folketeljingsmateriale i *Trekk ved utviklingen av etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre*. Eit sentralt tema i artikkelen er etternamn sedde i relasjon til sosiale grupper. Slektsnamn var hovudsakleg brukt i overklassa, patronym i lågare sosiale lag. Sannrud kan også påvise ei interessant endring ved etternamna til gifte kvinner: På 1700-talet var det inga i Fredrikstad som hadde same slektsnamn som ektemannen, medan det i 1865 var nærmare 400.

Anne Svanevik tek opp normeringsproblem i *Dansk-tyskpregete slektsnavn av norske gårdsnavn. Et problem i stedsnavnnormeringen*. Som kjent står ein fritt til å halde på eldre ortografiske særtrekk i personnamn, t.d. dansk-prega skrivemåtar i *Wold* og *Vold*. Derimot må det korresponderande gardsnamnet skrivast i samsvar med lov om stadnamn, dvs. *Voll*. Om grunneigaren meiner at skrivemåten er «feil» og vil ha *Vold* istf. *Voll* som gardsnamn, kan han/ho evt. reise namnesak. I denne samanhengen gjer Svanevik nærmare greie for nokre saker som har kome opp dei siste åra. Kristin Bakken trekkjer inn nyare ordlagingsteori i *Patronymer, leksikalisering*

og proprialisering. En diskusjon belyst av et materiale av 1300-talls patronymer. Som utgangspunkt tek ho her Kousgård Sørensens modell som skil mellom tre fasar i utviklinga av patronym: patronymiske bestemmingar via primærpatronym til sekundærpatronym. Ettersom det er somme fellestrekk i laginga av patronym og laginga av appellativiske samansetningar, jamfører Bakken modellen til Kousgård Sørensen med ein allmenn modell for ordlaging. På grunnlag av denne samanlikninga kan Bakken peike på karakteristiske trekk ved patronyma.

Tanneke Schoonheim frå Nederland ser etternamnstypar i Noreg og Nederland i eit kontrastivt perspektiv i *Etternavn i norske og nederlandske diplomer fra det 13. århundre*. På grunnlag av diplom frå 1200-talet kan ho påvise ein del parallellar mellom norsk og nederlandsk namnepraksis. Såleis finn ho at meir enn 75% av personane i begge materialtypane har eit tillegg etter fornamnet, og dette tillegget var oftast ei yrkesnemning, eit patronym (evt. andre namn som viser til slektskapstilhøve), eit geografisk namn eller eit tilnamn. Pål Furuberg skriv om *Finske personnamn fra norsk Finnskog*. I dei kjeldene Furuberg viser til (hovudsakleg ein korrespondanse mellom finsk-filologen Carl Axel Gottlund og nokre skogfinnar på 1800-talet), er skogfinnane ofte omtalte med både fornamn, patronym, slektsnamn og gardsnamn, t.d. *Johan Eriksen Bentikainen Braaten*. Dei finske innvandrarane hadde — i motsetning til nordmenn — lang tradisjon for å bruke faste slektsnamn. Utover på 1800-talet gjekk det tilbake med dei finske slektsnamna.

Gulbrand Alhaug

STADNAMN I MØRE OG ROMSDAL

Peter Hallaråker: *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og praksis*. Forskingsrapport nr. 8. Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda, 1995. 424 s.

Etter 1980 er det sett i gang såkalla stadnamnprosjekt i fleire fylke. Føremålet har fyrst og fremst vore å samla inn, og såleis sikra for ettertida, flest mogleg av dei stadnamna som enno er kjende. Samstundes ynskjer ein sjølvsagt også å gjera ålmenta betre kjend med det stadnamnlandskapet dei lever i. Dette siste gjeld *formidling* og kan gjerast på fleire måtar. I Sogn og Fjordane har dei gjeve ut namnekatalogar for fleire kommunar, medan Inge Særheim har skrive fleire bøker i tilknyting til fylkesprosjektet i Rogaland.

Det same skjer i Nordland, der Finn Myrvang førebels har gjeve ut ei bok på grunnlag av tilfanget som er samla inn gjennom fylkesprosjektet der.

Også Møre og Romsdal har hatt sitt stadnamnprosjekt. Dette starta i 1984 og vart avslutta i 1994. Førebels ligg tilfanget arkivert kommunevis i ein database ved Høgskulen i Volda, dit ein kan venda seg for å få utskrifter av dei namnedata ein ynskjer. Men prosjektet har alt bore ei anna og viktig frukt. Peter Hallaråker, som har vore prosjektleiar, gav i fjor ut ein omfattande sluttrapport på 424 sider, der han kjem inn på dei fleste sidene ved stadnamnfaget.

Boka er delt inn i 10 kapittel. I kapittel 1 får vi eit samandrag av heile prosjektet, medan kapittel 2 tek for seg føremålet med registreringa. Hallaråker peikar på at innsamlinga har både praktisk, kulturpolitisk, pedagogisk og teoretisk nytte. Den praktiske nytten er fyrst og fremst at namnesamlinga kan hjelpa det offentlege med pålitelege opplysningar t.d. i samband med kartutgjeving og namngjeving av vegar og bustadfelt. Den kulturpolitiske nytten er at namna er språklege og kulturelle bindeledd mellom eldre og yngre tid, og at dei difor bør takast vare på for ettertida på line med materielle kulturminne. Også pedagogisk har eit innsamla namnetilfang verdi, fyrst og fremst i heimkunnskap, men også i fag som norsk, lokalhistorie og geografi kan stadnamn dragast inn. Jamvel fag som botanikk og zoologi kan gjera seg nytte av stadnamna ved å knyte dei til den lokale nemningsbruken. Når det gjeld den teoretiske nytten, vil ei regional namnesamling ikkje berre vera av interesse for stadnamngranskarar, men også for lokalhistorikarar, dialektologar og lingvistar.

I kapittel 3 får vi innblikk i finansiering, kostnad, organisering, leiing og administrasjon. Eg skal ikkje gå nærare inn på desse sidene her, men eg vil peika på at det har vore tre hovudformer for samarbeid: 1) samarbeid mellom prosjektleiinga og statlege og fylkeskommunale etatar i fylket, 2) mellom prosjektleiinga og prosjektrådet, som var samansett av den namnefaglege ekspertisen som fanst i fylket og ved universiteta, og 3) mellom prosjektleiinga og den enkelte kommunen. Kapitlet inneheld også døme på samarbeidsavtalen som har vore brukt som standardavtale mellom Møreforsking og den enkelte kommunen.

Kapittel 4 har overskrifta *Innsamlingshistorikk og innsamlingsmetodikk*. Kapitlet inneheld alt frå praktiske tips om bruk av lydbandopptakar og fotoutstyr, skrivesaker, namnelister og kart og kartbruk — til meir teoretiske spørsmål som *Kva er eit namn? Kva er ein stad?* Forfattaren kjem òg inn på enkle prinsipp for dialektskrift og bøying av substantiv. Aller fyrst i kapitlet finn vi eit historisk oversyn over innsamling av stadnamn og innsamlingsmetodar. Når det gjeld sjølve innsamlingsmetodikken for dette prosjektet, peikar Hallaråker på at innsamlinga har vore gjennomført

i fire fasar: ein innsamlingsfase (lekmannsfase), ein analysefase (forskarfase), ein EDB-fase og ein formidlingsfase. Så vidt meldaren kjenner til, har ingen av dei nyare prosjekta gjennomført innsamlinga på denne måten.

Fleire av desse emna kjem Hallaråker grundigare attende til i dei to neste kapitla. I kapittel 5 gjer han greie for den praktiske gjennomføringa av innsamlinga, og han kjem særleg inn på vanskar med å få registrert den nedervde munnlege målføreforma av namnet. Éin føresetnad er at det blir gjort lydopptak av uttalen, men ofte har informanten vanskar med å frigjera seg frå tradisjonelle skriftformer eller rettskrivingsformer. Same kor mykje ein presiserer at det er den faktiske bruken og den faktiske lokale uttalen ein er ute etter, vil mange føle og kanskje meine at det er skriftforma på kart og skilt som er den rette. Det kan òg vera eit problem at mange stadnamn har to uttaleformer, ei tradisjonell form, som er brukt av dei eldre, og ei moderne og skriftpåverka form, som er brukt av dei yngre. I prosjektet har dei fyrst og fremst prøvd å registrera den eldre uttalen, men Hallaråker er fullt klar over at dei ikkje har lukkast overalt. Når ein bruker namnedata, er det difor naudsynt med kjeldekritikk.

Kapittel 6, *Analysefasen. Teorigrunnlag og analyse*, er det lengste kapitlet, om lag 130 sider. Som overskrifta tyder på, er dette også den mest teoretiske delen av rapporten, og forfattaren drøftar fleire vesentlege sider ved stadnamngransking som vitskap. Stikkord er namnemengd og distribusjon, namnebrukarkrins, namngjeving og namnefunksjonar, stadnamn og stadnamnobjekt, stadnamndefinisjonar, stadnamn og appellativ, inndeling av stadnamn etter ulike kjennemerke, fonologisk analyse og fonemskrift, morfologisk og syntaktisk analyse, leksikalsk analyse, stadnamntolking, normering. Eg skal kort omtala nokre av dei spørsmåla som Hallaråker tek opp. Fyrst vil eg seia litt om tilhøvet mellom proprium og appellativ. Deretter vil eg koma litt inn på nokre normeringsspørsmål.

Blant nordiske namnegranskarar har namnesemantiske spørsmål som tilhøvet mellom proprium og appellativ vore mykje drøfta dei siste åra. Forfattaren går særleg inn på tre hovudspørsmål i denne samanhengen: 1) Har stadnamn bøying? 2) Har stadnamn tyding? og 3) Høyrer stadnamna til det vanlege leksikon (= ordtilfanget vi har lagra i hjernen), eller utgjer dei eit eige onomastikon (= namnetilfanget vi har lagra i hjernen)? På det fyrste spørsmålet svarar han at sjølv om namna kan vera i eintal eller fleirtal, i bunden eller ubunden form, i nominativ eller dativ, er det ikkje tale om morfologisk veksling som ved appellativa, men om grammatiske substantivformer. Når det gjeld dei to andre spørsmåla, argumenterer han for at det er mest fruktbart å rekna stadnamna i kommunikativ forstand som tydingslause, men appellativa som namna inneheld, som del av det

vanlege leksikonet. Han finn det difor lite tenleg å operera med eit eige onomastikon. Det vil føra for langt å gå nærare inn på desse spørsmåla i denne omtalen, og eg viser difor til rapporten og den litteraturen som er nemnd der. I tillegg vil eg peika på Kristin Bakkens artikkel *Navnelaging og onomastikonet* i Namn og Nemne 11 (1994), og Staffan Nyströms artikkel *Lexikon och onomastikon — två samverkande system* i Namn og Nemne 12 (1995).

Ei side ved stadnamna som opptek mange, er normering og normeringsprinsipp. Hallaråker går også grundig inn på dette, og set det inn i ein historisk samanheng. Stadnamna er tradisjonelt oppfatta fyrst og fremst som munnleg tradisjon. Hallaråker går slettes ikkje mot dette, men samstundes hevdar han at dette har ført til at skriftformene har vorte undervurderte som kulturminne. Den dagen norske stadnamn vart skriftfeste, vart dei òg ein viktig del av vår felles skrifttradisjon. Denne tradisjonen fekk høg sosial prestisje, særleg fordi dei namna som fyrst vart skriftfeste, var namn på grunnleggjande økonomiske og sosiale einingar i samfunnet, t.d. gardsnamna. Å sjå bort frå denne tradisjonen, sjølv om han er i strid med norske rettskrivingsprinsipp og norsk rettskriving, skaper sterk uvilje og mistru mellom namnebrukarane.

Interessant, og til dels ny, er inndelinga i seks normeringsprinsipp: 1) norrøn normering, som i prinsippet var lydrett, 2) dansk normering, 3) halvnorsk normering, som t.d. Oluf Rygh stod for, 4) heilnorsk normering, som kom med retningslinene i 1913, og som byggjer på Ivar Aasens prinsipp om at skriftspråket skal vera ein nasjonal samnemnar for dialektane, og der det er lite rom for å gje att målføredrag, 5) regionalnorsk normering, der ein skriv så dialektnært som mogleg, men innanfor eit "regionalt" system, og 6) "samlenorsk" normering (både-og-prinsippet), som går ut på at ein utnyttar alle tillatne former i rettskrivinga både for nynorsk og bokmål, og dessutan opnar for både regionale og lokale former, når særlege grunnar talar for det. Det er det siste prinsippet som ligg til grunn for lov om stadnamn, og Hallaråker kommenterer lova og forskriftene svært konstruktivt, og peikar på mange prinsipielle spørsmål som ein møter og må ta stilling til når ein arbeider med normering i offentleg samanheng. Det nye regelverket har likevel ikkje løyst dei over hundre år gamle konfliktane mellom ulike normeringsprinsipp, og dei mange klagene på vedtak om offisiell skrivemåte er prov på det.

Kapittel 7 gjer greie for edb-fasen, medan kapittel 8 inneheld sluttrapportar frå dei ulike kommunane. I kapittel 9 drøftar forfattaren kort nytteverdi og formidlingsmåtar, og her kjem det fram at det har vore på tale å gje ut eit stadnamnleksikon for fylket. Det siste kapitlet inneheld ein stadnamnbibliografi ordna alfabetisk etter forfattar og etter emne, og eit

oversyn over personar som har arbeidd med stadnamn frå Møre og Romsdal.

Som det vonleg går fram av denne omtalen, er det ein omfattande rapport Hallaråker har lagt fram. Rapporten vitnar om at forfattaren har djup innsikt i dei mange sidene ved stadnamnfaget, og han evnar å formidla stoffet på ein pedagogisk heldig måte. Det er sjølvsagt ikkje semje i fagmiljøet om alle synspunkta han gjer seg til talsmann for, men det har ikkje vore siktepunktet mitt å ta desse opp til kritisk drøfting. Boka bør vera av interesse for alle som steller med stadnamn og stadnamninnsamling på ein eller annan måte. Kapittel 7 er etter mitt syn dessutan eit fullverdig alternativ som innføring i stadnamngransking på universitets- og høgskulenivå.

Terje Larsen

LISTAMÅLET III

I fjor kom *Listamålet III. Grammatikk, ordbok, stadnamn og folkeminne*. Dermed har Njål Vere fullført utgjevinga av ordsamlingane etter faren, Abraham Vere. Dei to andre banda er omtala i *Nytt om namn 18* (1993) og *Nytt om namn 20* (1994). Det som er sagt der, gjeld dette tredje og siste bandet òg. Til saman har dei tre banda godt over 1400 sider med doble spalter. Boka er redigert slik at kvar høgre spalte på sider med oddetal inneheld folkeminnestoff. Band III har fått med godt 100 sider med "Etteragst". Talet på oppslagsord er ikring 70 000, av desse innpå 10 000 namn, hovudsakleg stadnamn. Boka er rikt illustrert med fotografi av gardar, bruk og andre lokalitetar i området.

Lista har no fått ei ordbok som truleg er den største bygdeordboka som finst, og det er god grunn til å gje utgjevaren ros. Med stor eigeninnsats av tid og pengar har han ført prosjektet til endes. Både for lokalfolk og for ein språkinteressert lesarkrins generelt er dette verket ei rik kjelde å ausa or.

Som det går fram av tidlegare omtalar, er heile tilfanget, både namn og vanlege ord, ordna alfabetisk i ei rekkje fordelt på dei tre banda. Både oppslagsorda og forklaringane er førte opp i målføreform. Eit par ekstrateikn er nytta, som *ę* for open *e* og *ǫ* for open *o*. *ŋ* for *ng*-lyden, *ḳ* for *kj*-lyden. Trykk- og lengdemarkering er derimot ikkje nytta. Orda er oppgjevne med ordklasse og bøyingsmønster og med døme som viser tyding og bruk. Stadnamna er oppgjevne med forkortinga "stn" og med tilvising til gard og/eller lokalitetstype, personnamn er merkte med "nabn".

Ved einskilde stadnamn er det teke med opphavssegner, som t.d. *Verjesteinen*:

> Tor kǫm seilans vęstanifrå. Då han va på høgd mę Steinodden, fekk han sett ein røse (et kjempetrǫll) i heijan mę Kallebǫrshammǫren. Tor sette kursen inn i *Sævia* (rett sør for Steinǫdden), jekk ilann å treiv ein stein å heiv ette røsen. Steinen nådde inḳe fram å datt ner mę *Odda* i sjipte imęllum garan gnr 88 Mębǫr, gnr 89 Vinni, gnr 90 Slęvdal, å gnr 91 Høue. Steinen heite *Torsteinen* den da i da. I krigstia 1940-1945 bygde tyskǫran ei kanonstilling på tǫppen a Torsteinen. — *Vęrje* ville forsvare seg å treiv ein stein å heiv ette Tor. Røsen øu heiv fǫr kǫrt, å steinen datt ner i *Laŋårsmarḳa*, der an ligge den da i da. Steinen heite *Vęrjesteinen* ette nabne på røsen. Unne krigen bygde tyskǫran kanonstilling på *Vęrjesteinen* øu.

Listamålet I-III er gjeve ut på eige forlag og kan tingast gjennom Sparebanken Sør, 4560 Vanse; tlf. 383 91000. Prisen er kr 300,- pr. band.

BH

BEHÖVS EN ORTNAMNSLAG?

Behövs en ortnamnslag? Handlingar från ett endagssymposium i Uppsala den 20 april 1994. Redigerade av Eva Brylla. Skrifter utgivna genom Ortnamnsarkivet i Uppsala. Serie B. Meddelanden 10, Uppsla 1995. 48 s.

I 1982, året før det norske stadnamnutvalet la fram sitt forslag til ei stadnamnlov i utgreiinga *Stadnamn* (NOU 1983:6), gjorde eit tilsvarande utval det same i Sverige (*Ortnamns värde och vård*. Statens offentliga utredningar 1982:45). I motsetnad til i Noreg, der resultatet vart at Stortinget vedtok lov om stadnamn i 1990, meinte den svenske regjeringa at det ikkje var nødvendig med ei eiga stadnamnlov. Diskusjonen har likevel ikkje lagt seg. Frå fleire hald har det i åra etter vore reist krav om ei lov som vernar stadnamn, og kulturkomiteen i Riksdagen har såleis behandla fleire framlegg som har teke opp dette spørsmålet. Komiteen har no gjort framlegg om at behovet for ei lov bør vurderast, og Riksdagen har uttalt at regjeringa bør sjå nærmare på saka. Det ser ut som ein i fyrste omgang har tenkt seg eit tillegg til kulturminnelova, men fleire meiner at dette ikkje vil vera den beste løysinga, fordi det føreset at ein ser stadnamn berre som kulturminne.

Med dette som utgangspunkt skipa Ortnamnsarkivet i Uppsala til eit symposium den 24. april 1994 med tittelen *Behövs en ortnamnslag?* Symposiet samla 35 deltakarar frå 14 ulike offentlege organ, og opningsinnlegget og dei tre foredraga er no trykte og utgjevne som artiklar. Etter kvart foredrag følgjer eit samandrag av diskusjonen. Skriftet bør ha interesse også her til lands, ikkje minst fordi lov om stadnamn snart skal evaluerast. Fleire av dei synspunkta som kom fram på symposiet, vil det vera aktuelt å vurdera i den samanhengen.

Dei tre foredraga vart haldne av Bengt Pamp, Olle Millgård og Helmer Gustavson, og eg skal kort peika på nokre av dei problemstillingane dei tok opp.

Bengt Pamp understrekar i sin artikkel at stadnamna er kulturminne på line med våpen, kultstader og gravhaugar. Men til skilnad frå desse materielle kulturminna, som ikkje lenger har praktisk funksjon, har stadnamna framleis den same oppgåva som da dei kom til: Dei er nyttige hjelpemiddel når vi skal orientera oss i omverda; dei har ein *kommunikativ* funksjon. Namna er ein del av den språklege kompetansen vår, og dermed blir dei også altfor viktige til å bli behandla berre med utgangspunkt i kulturhistoriske vurderingar, same kor viktige desse i og for seg er. Difor ønskjer Pamp ei eiga stadnamnlov, og ikkje ei lov som berre er ein del av kulturminnelova.

Olle Millgård gjev fyrst eit tilbakeblikk på det som har skjedd i Sverige på 1980- og 1990-talet med omsyn til arbeidet med å få til ei stadnamnlov. Han meiner m.a. at når regjeringa i 1985 ikkje ville ha ei stadnamnlov slik det svenske stadnamnutvalet hadde gjort framlegg om, var det ikkje berre fordi regjeringa meinte at ei lov ikkje var rette måten å gå fram på. Sjølv trur han at ei medverkande årsak var at lovframlegget var for knapt grunngjeve, og dessutan mangelfullt når det gjaldt sjølve oppbygginga. Når spørsmålet om lov no skal diskuterast på ny, er det viktig at ein legg sterkare vekt på desse sidene. Han kommenterer også ulike synspunkt som har vore framme i debatten omkring ei stadnamnlov, m.a. dei spørsmåla som kulturkomiteen i Riksdagen har peikt på i si innstilling. Millgård har tidlegare vore skeptisk til lovgjeving i arbeidet med å verna stadnamn, men han er i dag meir open. Føresetnaden er at ein ikkje avgrensar diskusjonen til kulturminnespørsmål, men at ein legg vekt på fleire sider ved stadnamnrøkta, ikkje minst dei funksjonelle. Dessutan er det viktig å få kartlagt dei behova minoritetsspråka har. På dette grunnlaget stiller han eit stort spørjeteikn ved ideen om å plassera ei eventuell lovregulering i kulturminnelova, og ikkje som eiga lov.

Også Helmer Gustavson understrekar at stadnamna er viktige kulturminne, men dei skil seg frå andre kulturminne ved at dei stadig har ein

praktisk funksjon. Som Pamp og Millgård ønskjer han lovregulering, men i motsetnad til dei meiner Gustavson at ei lov som vernar stadnamna, bør liggja innanfor råmene til kulturminnelova. Han grunngjev dette med at den kulturhistoriske og sosiale verdien som namn har, ikkje blir teken omsyn til av offentlege organ når dei handterer stadnamna. Lovverket må byggja på det Helmerson kallar "god ortnamnssed". Med dette meiner han at ein skal ta vare på eit *hevdvunne* stadnamn i *ei korrekt språkleg form* for ein viss *lokalitet* så lenge *namnebrukarkretsen* namnet høyrer til, nyttar namnet. Det inneber ikkje at ein skal ta vare på stadnamn in absurdum. Dei skal takast vare på utifrå dei kulturhistoriske, sosiale, praktiske og demokratiske verdiane dei har, og der ein tek omsyn til ønska og synspunkta til namnebrukarane.

Om svenskane får si stadnamnlov, står att å sjå. Det som synest klart, er at ei eventuell lov ikkje berre vil regulera *skrivemåten*, men også innehalda reglar for vern av namn som kulturminne. Dette er etter mitt syn ein mangel ved vår eiga lov om stadnamn, og bør vera emne for drøfting i den førestående evalueringa.

Terje Larsen

NAMENFORSCHUNG — INTERNASJONAL HANDBOK

Namenforschung/Name Studies/Les noms propres. Ein internationales Handbuch zur Onomastik/An International Handbook of Onomastics/ Manuel international d'onomastique. Herausgegeben/Edited by/Edité par Ernst Eichler, Gerold Hilty, Heinrich Löffler, Hugo Steger, Ladislav Zgusta. 1. Teilband/Volume 1/Tome 1. XLVI + 977 s. (HSK = Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft. Band 11.1.) Herausgegeben von Hugo Steger, Herbert Ernst Wiegand. Walter de Gruyter. Berlin, New York 1995. ISBN 3-11-011426-7.

Denne handboka er eit internasjonalt lyft. Om lag 200 fagfolk har her medverka og skrive om namnegranskinga i ulike land i Europa og i andre verdsdelar. Alle dei nordiske landa er representerte. Elles er ei lang rekkje teoretiske og metodiske spørsmål omkring stadnamn og personnamn omhandla. Det fyrste bandet som no ligg føre, er altså på ikring 1000 sider. Band 2 pluss registerbandet er i kjømda. Eit imponerande og gedigent verk, og prisen er deretter. Fyrste bandet åleine kostar 780 tyske mark.

BH

BOK INNSEND TIL REDAKSJONEN

È.A. Makaev: *The Language of the Oldest Runic Inscriptions. A Linguistic and Historical-Philological Analysis.* Filologisk-filosofiska serien 21. Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien. Translated from the Russian by John Meredig. Stockholm 1996.

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1994 — TILLEGG

Nedrelid, Gudlaug: Eitkvart dåmlaust var det vel. I: *Sýnisstubbar*. Tórshavn 1994, s. 40-42.

— Fattigmanns kyr. Litt om geitenamn i Jostedal. I: *Övriga namn. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4-6 desember 1991*. Red. Kristinn Jóhannesson, Hugo Karlsson, Bo Ralph. NORNA-rapporter 56. Uppsala 1994, s. 163-80.

HVA ER NASJONALBIBLIOTEKET?

Hva er Nasjonalbiblioteket? Kort besvart kan en si at NB er en videreføring av Norske Avdeling (NA) ved Universitetsbiblioteket i Oslo, grunnlagt 1883 for å ta seg av den virksomheten som pliktavleveringsloven av 1882 påla Universitetsbiblioteket. Etterhvert ble også annen eldre norsk litteratur fra UBs øvrige avdelinger overført til NA. NA har dessuten i mange år ivaretatt de funksjoner som vanligvis tillegges et nasjonalbibliotek. I tillegg er det store plassproblemer. Fra mange hold har det dessuten vært gitt uttrykk for behov for en mer omfattende behandling av nasjonallitteraturen enn den som det gis muligheter for i dag, og for å skaffe lettere tilgang til stoffet i hele dets bredde. Vi håper dette vil la seg gjøre når UB-delen flytter til Blindern.

Hva blir igjen på Drammensveien etter delingen? I og med at Nasjonalbibliotekavdelingen skal ligge i den gamle Universitetsbibliotekbygningen på Drammensveien i Oslo, så vil alt det norske materialet bli værende igjen der. Dette omfatter også spesialsamlingene, som Håndskriftsamlingen, Ibsen- og Bjørnsonsamlingen, Billedsamlingen, Kartsamlingen osv. Det utenlandske materialet (med enkelte unntak) vil gå til Blindern, bortsett fra det som kalles Norvegica, og som omfatter materiale/dokumenter om Norge og nordmenn i utlandet, samt oversettelser av norske forfattere utgitt i utlandet.

Forholdet nasjonalbibliotekavdelingene på Drammensveien og i Mo i Rana er slik at avdelingen i Rana bl.a. skal administrere pliktavleveringsloven og sørge for at dette materialet samles inn og fordeles til universitetsbibliotekene i Trondheim, Tromsø, Oslo og Bergen, til Nasjonalbiblioteket og til Depotbiblioteket og Sikringsmagasinet i Rana. Et eksemplar av alt som avleveres, plasseres i Ranas sikringsmagasin med klimaregulering, dypt inne i fjellet. Depotbilioteket i Rana mottar dessuten materiale som sjelden er i bruk både fra fagbibliotek og forskningsbibliotek. Dette registreres bl.a. i Bibsys, og innlemmes i en felles utlånssamling. Depotbiblioteket skal ha fra 1-6 eks. av hver tittel. Dette fører til at andre bibliotek kan redusere mengden av lite etterspurt litteratur. Bøker som er plassert i depotbiblioteket er merket *Dep.* i Bibsys. Alle bibliotek og institusjoner kan låne fra dette depotbiblioteket.

Bjørg Dale Spørck

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

7. *Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995. Pris kr. 60,-.

Returadresse:

Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676